

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Representanten **Benthe Bondhus (SP)** har stilt slikt skriftleg spørsmål:

«Fjelbergsambandet.

Øyane Fjelbergøy og Borgundøy er nært knytt til Halsnøy. I 2008 fekk Halsnøy fastlandsforbindelse. Fjelbergøy og Borgundøy er knytt til kvarandre og til Halsnøy med eit ferjesamband. Ferja har forholdsvis låg frekvens og ferjene sluttar å gå tidleg på kvelden. Det har lenge vore jobba for at og Fjelbergøy og Borgundøy skal få fast vegsamband.

Kva er status for prosjektet?»

Fylkesordføraren gav slikt svar:

Fjellbergsambandet går mellom Sydnes på Halsnøy og øyane Fjellberg og Borgundøy, samt Utbjoa i Vindafjord kommune i Rogaland

Det ligg føre ei eldre kommunedelplan for ferjefri kryssing som legg opp til ferjefri kryssing (bru/utfylling) av Fjelbergsund, mellom Borgundøy og Fjellbergøy, og av Sydnessund, mellom Fjellbergøy og Halsnøy. Heile traseen er 4- 5 km lang. Avstanden over Sydnessundet (er nesten 700 meter.

Kommunen arbeider med ein reguleringsplan for sambandet Statens Vegvesen har varsla at det kan vere aktuelt å fremje motsegn mot reguleringsplanen grunna manglande grunnundersøkingar som gir usikkert kostnadsestimat og usikkerheit med omsyn til tekniske løysingar for bruene. Det er også knytt usikkerheit til trafikktryggleik då reguleringsplanen føresett mange fråvikssøknader for vegtraseen, særleg knytt til val av gang- og sykkelløysing.

Hordaland fylkeskommune har bedt Kommunal- og moderniseringsdepartementet om anslag på ferjeavløysingsmidlar. I svaret går det fram at sambandet kan utløyse om lag 2,7 mill. kroner i årlege ferjeavløysingsmidlar. Dette utgjer litt over 100 mill. kr. i løpet av 40 år.

Retningslinene er praktisert slik at det berre blir gitt ferjeavløysingstilskot for delsbamband som blir erstatta med ny veg. Fjellbergsambandet vil ikkje erstatta sambandet Utbjoa- Sydnes, og departementet reknar som om denne delstrekninga blir vidareført - sjølv om det blir føresett at den blir lagt ned.

Eg er kjend med at Kvinnherad kommune har arbeidd politisk for å endre på denne delen av ferjeavløysingsordninga, men det er ikkje gjort endringar i ordninga i samband med Stortinget si handsaming av kommuneproposisjonen for 2020.

Samla sett vil ferjeavløysingsordninga i liten grad kunne bidra til å finansiere prosjektet. Trafikken vil vere for låg til at det vil vere mogleg med delfinansiering med bompengar. I fylkeskommunen sitt planverk er det lagt til grunn at ferjeavløysingsprosjekt ikkje skal tilførast budsjettmidlar frå fylkesbudsjettet utover det som følgjer av ordninga.

Så lenge ferjeavløysingsordninga blir praktisert som i dag vil det vere særst vanskeleg for fylkeskommunen å løfte dette prosjektet, då vi har mange andre meir prioriterte tiltak på fylkesvegnettet. Om ferjeavløysingsordninga vert endra slik at ein får tilført midlar for delar av samband som ikkje blir erstatta av veg, kan det vere aktuelt å vurdere dette på nytt. Det er elles Kvinnherad kommune som er planstyresmakt og som må ta stilling til om arbeidet med reguleringsplan for tiltaket skal sluttførast eller avsluttast.